



## Statens vegvesen

Meland kommune  
Postboks 79  
5906 FREKHAUG

Behandlande eining: Region vest      Sakshandsamar/telefon: Marianne Skulstad / 55516253      Vår referanse: 16/170004-2      Dykkar referanse: 15/2054-16/20856      Vår dato: 25.11.2016

### Uttale til dispensasjon frå kommuneplan – Gnr. 53 bnr. 15 – Bratshaug i Meland kommune

Vi viser til motteke søknad om dispensasjon frå kommuneplan for bygging av fritidsbustad på eigedom gnr. 53 bnr. 16 i Meland kommune. Saken er sendt til Statens vegvesen for uttale.

#### Planstatus

Eigedommen ligg i område for landbruk-, natur- og friluftsmål i kommuneplanens arealdel. Fritidsbustad er ikkje i tråd med planmål, og tiltaket treng difor dispensasjon frå kommuneplanen. Statens vegvesen har rett til å uttale seg i dispensasjonssaker som vedkjem vårt saksområde. Vi har også klagerett i slike saker. Nedanfor følgjer ei uttale i denne saka.

#### Uttale

Statens vegvesen skal ved si vurdering legge vekt på omsynet til trafikken på og langs vegen. Det må gjerast ei totalvurdering, der det utover forholda på staden også må takast omsyn til framkomst og trafikktryggleik på vegen. Fartsgrensa på staden er 50 km/t, og skiftar til 80 km/t 100 meter lenger aust. Årsdøgntrafikken er på 400 kjøretøy/time.

I *Rammeplan for avkøyrslar og byggjegranser på riks- og fylkesvegar i Region vest* er fv. 249 Skjelangervegen i haldningsklasse 3. For denne haldningsklassa gjeld normalt ei byggjegrænse på 30 meter. Eigedommen som søknaden gjeld ligger lenger unna enn 30 meter, men det er skissert ein parkeringsplass svært nær vegen, på naboeigedommen. Parkeringsplassen krev dispensasjon frå byggjegrænse langs veg, jf. veglova § 30.

Omsøkt tiltak vil også krevje løyve til utvida/endra bruk av avkjørsle. For veger i haldningsklasse 3 får ein normalt løyve til endra bruk dersom avkjørsle er utforma i samsvar med gjeldande regelverk. Statens vegvesen har ikkje vore på synfaring i denne saken, men vurdert utforminga frå kart og vegbilder. Avkjørsle ser ikkje ut til å stette dagens krav til

utforming slik den ligg i dag. I samband med søknad om utvida bruk av avkjørsla må det påreknast krav om utbetring.

Den vedlagte skissa er ikkje målsatt, og kan ikkje nyttast som grunnlag for endeleg vurdering. Den skisserte parkeringsplassen ligg truleg i siktsona for avkjørsla, og kan ikkje godkjennast. Ein meir detaljert skisse må utarbeidast ved søknad om dispensasjon frå byggjegrænse og utvida bruk av avkjørsla. Parkeringsplassen må trekkast lenger vekk frå avkjørsla, og ein må dokumentere snuareal utanom vegarealet.

Statens vegvesen meiner det vil vere teknisk mogeleg å få til ei akseptabel løysing for avkjørsla med parkering utanfor frisiktsona. På den bakgrunn har vi ingen vesentlege merknader til kommunens vurdering av dispensasjonssaka.

#### Vidare saksgang

Dersom kommunen gir dispensasjon frå LNF-formål i kommuneplanen, skal utvida bruk av avkjørsla og dispensasjon frå byggjegrænse handsamast etter veglova. Det må då sendast søknad til Statens vegvesen med meir detaljerte og målsatte skisser.

Vegavdeling Hordaland  
Med helsing

Kari Elster Moen  
overingeniør

Marianne Skulstad  
senioringeniør

*Dokumentet er godkjent elektronisk og har difor ingen handskrivne signaturar.*

Kopi  
Hordaland fylkeskommune – Regionalavdelinga, Postboks 7900, 5020 BERGEN